

# **Lingspeak 3**

3.0.410.0

Lingit AS

# Innhald

<b>Kva er Lingspeak 3?</b> .....	<b>1</b>
<b>Installasjon</b> .....	<b>2</b>
<b>Starte Lingspeak</b> .....	<b>3</b>
Avslutte Lingspeak.....	3
<b>Lese opp tekst</b> .....	<b>4</b>
<b>Hovudvindauet</b> .....	<b>5</b>
Lagre til lydfil.....	5
<b>Opplesingsvindauet</b> .....	<b>6</b>
<b>Innstillingar</b> .....	<b>7</b>
<b>Innstillingar: Stemme</b> .....	<b>8</b>
<b>Innstillingar: Utsjånad</b> .....	<b>9</b>
<b>Innstillingar: Hurtigtastar</b> .....	<b>10</b>
<b>Innstillingar: Utklippstavle</b> .....	<b>11</b>
<b>Tips</b> .....	<b>12</b>
Systemstatusfeltet i Windows 7.....	12
Automatisk peik og les.....	12

# Kva er Lingspeak 3?


Lingspeak 3 er ein skjermlesar som i tillegg til å lese høgt også gir god støtte for visualisering av teksten. Det er lagt stor vekt på at skjermlesaren skal vere enkel å bruke. I tillegg til vanleg tekst kan Lingspeak lese opp nesten alle element du ser på skjermen, også knappar på verktøylinjer og val i menyar.

# Installasjon

Lingspeak 3 kjem på ein CD. For å installere må du ha ein gyldig lisenskode for programmet. Lingit oppdaterar produkta kontinuerlig, og den nyaste versjonen kan du alltid laste ned frå nettsida [www.lingit.no](http://www.lingit.no). For å laste ned treng du òg ein gyldig lisenskode. For systemansvarlige som skal installere Lingspeak 3: Sjå referansedokumentasjonen på installasjons-CD-en eller sjekk nettsida [www.lingit.no](http://www.lingit.no).

# Starte Lingspeak

For å køyre Lingspeak dobbeltklikkar du på Lingspeak-snarvegen på skrivebordet. Du kan også starte Lingspeak frå Start-menyen til Windows.



*Lingspeak-ikonet på skrivebordet*

## Avslutte Lingspeak

For å avslutte Lingspeak vel du **Fil > Avslutt** i hovudvindaugget. Du kan òg avslutte Lingspeak ved å lukke hovudvindaugget.

# Lese opp tekst


Lingspeak kan lese opp tekst på to måtar.

1. **Peik og les:** Peik på noko på skjermen med musa. Trykk og slepp **CTRL**-tasten. Lingspeak vil no lese opp det elementet du peika på.
2. **Kopier og les:** Marker ein tekst på skjermen. Kopier den til utklippstavla, anten ved å velje **Kopier** frå ein meny, eller ved å trykke tastekombinasjonen **CTRL + C**. Lingspeak vil no lese opp teksten du kopierte. (I innstillingane kan du slå av automatisk opplesing ved kopiering).

I begge høve kan du følgje med på teksten i opplesingsvindaugget, der ord vert markerte etter kvart som dei vert lesne opp. For å avbryte opplesinga kan du trykke og sleppe **CTRL**-tasten, eller venstreklikke på opplesingsvindaugget.

Dersom du vil ha lest opp ein større tekst, eller ynskjer meir kontroll over opplesinga, kan du nytte hovudvindaugget til Lingspeak.

# Hovudvindauget



## *Hovudvindauget til Lingspeak*

I hovudvindauget har du enkel tilgang til kontrollar for å starte opplesing, stoppe opplesing, lagre ein opplest tekst til lydfil, samt å endre stemme, volum og hastigheit på stemma. Lingspeak startar opplesinga frå markøren. Dersom du har markert ein del av teksten, vil berre den markerte teksten bli lest.

Endringar i volum og hastigheit skjer idet du gjer dei, men ver merksam på at dei fleste stemmer først endrar hastigheit ved setningskilje.

## Lagre til lydfil



### *Lagre til lydfil-knappen*

Klikk **Lagre til lydfil**-knappen for å lagre den oppleste teksten som lydfil. Lingspeak lagrar i formatet WAV. Dette er eit standardformat som enkelt kan nyttast i andre program, som til dømes iTunes.

# Opplesingsvindauget

For å visualisere opplesinga vil Lingspeak utheve ord etter kvart som dei vert lesne. Om du ikkje nyttar hovudvindauget, vil teksten visast i opplesingsvindauget, som endrar størrelse og posisjon i forhold til elementet du får lest opp.

Dersom elementet som vert lese opp, er lite i forhold til den tilhøyrande teksten (t.d. eit ikon på ei verktøylinje), vil det bli utheva med ein **indikator**-farge medan teksten vert vist i opplesingsvindauget på toppen av skjermen.


For å framheve opplesingsvindauget enda meir, kan du skru på **fargefilteret** ved å trykke tastekombinasjonen **WIN + CTRL + Z**. Fargefilteret vil dekke skjermen utanfor opplesingsvindauget medan opplesinga skjer. I innstillingane kan du setje fargefilteret til å verte vist automatisk.

I innstillingane kan du enkelt velje fargar, skrifttype og skriftstorleik i dei ulike vindauga til Lingspeak.

# Innstillingar


For å opne innstillingane vel du **Vis > Innstillingar** i hovudvindauet. I spalta til venstre ser du dei ulike innstillingskategoriane.

# Innstillingar: Stemme



Her kan du velje stemme, volum på stemma og hastigheit på stemma. Lingspeak kan nytte alle SAPI-kompatible stemmer.

# Innstillingar: Utsjånad




Her kan du velje skrifttype, skriftstørrelse, skriftfarge og bakgrunnsfarge for hovudvindaue og opplesingsvindaue. For opplesingsvindaue kan du òg velje farge på ramma

Dersom du vil deaktivere opplesingsvindaue, kan du krysse av for valet **Berre lyd**.

Du kan også velje farge på indikatoren og farge og i kva grad fargefilteret skal vere gjennomsynleg. Dersom du kryssar av for **Vis fargefilteret automatisk**, vil det alltid visast saman med opplesingsvindaue.


# Innstillinger: Hurtigtastar



Her kan du sjå kva for hurtigtastar som kan nyttast med Lingspeak. Desse er:

<b>CTRL</b>	Startar og stoppar opplesing
<b>CTRL + musehjul opp/musehjul ned</b>	Endrar skriftstørrelsen i hovudvindauet og opplesingsvindauet
<b>WIN + CTRL + A</b>	Skrur "berre lyd" av og på
<b>WIN + CTRL + S</b>	Byter mellom brukarstyrt og automatisk opplesing
<b>WIN + CTRL + Z</b>	Skrur fargefilteret av og på
<b>WIN + CTRL + PIL OPP/PIL NED</b>	Endrar hastigheita til stemma

# Innstillingar: Utklippstavle



Dersom det er kryssa av for **Les automatisk ved kopiering**, vil Lingspeak alltid lese det som vert kopiert til utklippstavla. Merk at nokon programmer av og til kopierer tekst til utklippstavla på eiga hand!

For automatisk opplesing kan du òg velje om teksten skal visast i hovudvindaug, i opplesingsvindaug eller om det berre skal vere lyd.

# Tips

## Systemstatusfeltet i Windows 7

For at Lingspeak-ikonet alltid skal vere synleg i systemstatusfeltet til Windows 7, kan du gjere følgjande:

1. Klikk pila **Vis skjulte ikoner** til venstre for systemstatusfeltet.
2. Klikk **Tilpass** i vindaugget som kjem til syne.
3. Finn **Lingspeak 3** i lista over ikon. Endre virkemåten til **Vis ikon og varsler**. Klikk **OK**.

## Automatisk peik og les

Trykk tastekombinasjonen **WIN + CTRL + S** for å setje Lingspeak i automatisk modus. Lingspeak vil no starte opplesing så snart du flytter musepeikaren til eit nytt element på skjermen. Trykk **WIN + CTRL + S** på nytt for å gå tilbake til brukarstyrt modus.